



Det kongelige miljøverndepartement  
Postboks 8013 Dep

GOL KOMMUNE

0030 OSLO

Arkivkode  
M00 &13

Vår ref.  
09/1068 - 7 - S.E

Dykkar ref.

Dato  
23.06.2009

### HØYRING – UTTALE TIL FORSLAG OM LOVFESTING AV KOMMUNALT EIGARSKAP TIL VASS- OG AVLØPSANLEGG

Vi viser til brev frå miljødepartementet datert 01.04.2009.

Gol kommunestyre behandla saka den 16.06.09, sak K25/09 og gjev følgjande uttale:


Gol kommune sluttar seg til prinsippa i forslaget til ny *lov om kommunalt eigarskap og kommunale vass- og avløpsgebyr* men ynskjer å presisere følgjande:

1. Det lokale folkestyre må ha vide fullmakter innanfor ramma av lovverket til å avgjere om vass- og avløpsanlegg i dei konkrete tilfella skal vere i kommunal eller privat eige
2. Økonomi og gebyrkonsekvensar må leggast til grunn som eit av kriteria i kommunens vurdering av eigarskap ved etablering av nye vass- og avløpsanlegg
3. Drift av kommunale vass- og avløpsanlegg, spesielt i mindre kommunar, bør av omsyn til blant anna driftskontinuitet og kompetanse ikkje konkurransetjast. Langvarige og omfattande driftskontrakter vil også kunne undergrave kommunalt eigarskap og intensjonen i lovforslaget.

Det blir også vist til vedlagt utskrift av møtebok sak 25/09.

Ver venleg å oppgi vår referanse ved kontakt pr. brev eller telefon.

Med helsing  
Kommunalteknisk avdeling

  
Svein Eide  
avdelingsleiar



# Gol kommune

## SAMLA SAKSFRAMSTILLING

### MØTEBOK

Saksnr. 25/09  
Arkivsaksnr.: 09/1068  
Arkivkode: M00 &13

Saksbehandler: Svein Eide

---

Saksnr.:	Utvalg	Møtedato
50/09	Utval for natur og næring	02.06.2009
25/09	Kommunestyret	16.06.2009

---

#### HØYRING - FORSLAG TIL LOVFESTING AV KOMMUNALT EIGARSKAP TIL VASS- OG AVLØPSANLEGG

Generelle saksopplysningar:

Politisk behandling i: Utval for Natur og Næring og kommunestyret

Vedtaksorgan: Kommunestyret

Saksdokument:

1. Brev frå Miljødepartementet datert 30.03.09
2. Høyringsnotat datert 30.03.09
3. Lovforslag om offentleg eigarskap til vass- og avløpsanlegg

Dokument nr. 1 og 3 fylgjer som vedlegg.

Saksopplysningar:

Miljødepartementet ynskjer uttale til forslag om lovfesting av kommunalt eigarskap til vass- og avløpsanlegg. Reglane er innarbeida i ny *lov om eigarskap og kommunale vass- og avløpsgebyr*. Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17 blir oppheva.

Lovforslaget er utarbeida av Miljødep. i samarbeid med Nasjonalt folkehelseinstitutt, Mattilsynet, Statens bygningstekniske etat og Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap. Frist for uttale er 15.juni.2009.

I dagens lovverk er forvaltninga og ansvar for vass- og avløpsanlegg omtalt i ulike lover, bl.a. Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter (sjølvkostsystemet -gjeld berre kommunale anlegg), Ureiningslova (berekning av gebyr), Helselovgivninga, Brannvernlova (brannvatn etc.) og Plan og bygningslova (reglar om at visse typar anlegg skal tilfalle kommunen utan vederlag).

Det er i hovudtrekk to nye reglar som er tenkt innført i lovverket §1 og §2:

- ✚ Det første punktet er at nye vass- og avløpsanlegg som hovudregel skal vere i kommunalt eige. Det vil bli forbod mot videresalg av kommunale anlegg til private. Forslaget har ikkje tilbakeverkande kraft og vil ikkje ha innverknad på dagens eigarstruktur. Eksisterande private anlegg kan drive vidare, men kan ikkje overførast til andre enn kommunen..
- ✚ Kommunen kan etter søknad og etter visse føresetnader gje løyve til etablering av nye private anlegg eller vesentlig utviding av eksisterande anlegg. Alle nye private anlegg skal etablerast som andelslag der brukarane er eigarar.

Lovforslaget gjeld ikkje for mindre vass- og avløpsanlegg og næringsverksemd med eige anlegg.

Lovforslaget medfører i utgangspunktet ikkje begrensingar i kommunens tilgang til å setje vekk utbyggings- og driftsoppgåver til private aktørar. Langvarige og omfattande driftskontrakter vil likevel kunne undergrave kravet om kommunalt eigarskap og intensjonen i lovforslaget. Departementet ber kommunane spesielt om synspunkt på behovet for kommunens tilgang til å setje vekk driftsoppgåver, eksempelvis gjennom tidsavgrensingar på kontraktane og kor lang ei slik tidsavgrensing bør vere.

Den nye lova § 3-§ 7 omhandlar vass- og avløpsgebyr og er om lag identisk med noverande lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av mai 1974. Ein finn det ikkje nødvendig å kommentere desse paragrafane ytterligare.

Overordna plan:  
Ingen merknad

Miljøkonsekvensar:  
Ingen merknad

Økonomi:  
Lovforslaget vil ikkje ha nokon umiddelbar konsekvens for kommunens økonomi sidan eksisterande anlegg ikkje blir berørt av lovendringa. Dersom det i framtida blir aktuelt å ta over private anlegg må kostnaden med overtakinga leggest inn som ein del av kommunens gebyrgrunnlag og dekkast inn via gebyrsystemet og etter sjølvkostprinsippet. Det same vil måtte skje ved etablering av nye anlegg der kommunen er eigar.

Vurdering:  
Lovforslaget har bakgrunn i at Stortinget den 3. april 2008 bad regjeringa legge fram forslag til endring i eksisterande lovverk som sikrar at vass- og avløpsinfrastrukturen blir eigd av det offentlige. Forslaget inneber at nye vass- og avløpsanlegg av ein viss storleik som hovudregel skal eigast av kommunen. Det blir også forbod mot å selje private anlegg til andre enn det offentlige. Det er viktig å merke seg at kommunen ikkje har nokon kjøpeplikt.

Lovforslaget gjev kommunen styring i utviklinga med etablering, drift og organisering av vass- og avløpsanlegg. Det blir innført ein søknadsplikt til kommunen for nyetableringar og vesentlige utvidingar av private anlegg. Gjennom søknadsprosessen skal kommunen vurdere om anlegget skal utviklast privat eller om kommunen sjølv skal stå som eigar. Private anlegg må etablerast som andelslag og kommunen kan stille krav om at sjølvkostprinsippet skal nyttast.

Lovforslaget tydeleggjer framtidig eigarstruktur for vass- og avløpsinfrastrukturen. Kommunen skal ha styring med utviklinga. Det er likevel lagt vekt på ei fleksibel ordning der det lokale sjølvstyre skal kunne avgjere slike saker ut frå fornuftige løysingar og etter skjønn. I dette ligg det også at kommunen ikkje har plikt til å kjøpe eit anlegg. Gol kommune bør i sin uttale signalisere at økonomi og gebyrkonsekvensar skal vere eit viktig kriterium for val av eigarform for nye anlegg i kommunen.

Det er positivt at private anlegg skal organiserast som andelslag. Eigarane vil ha eigeninteresse av å sikre at omsynet til kvalitet, tryggleik og langsiktig planar for tenesta blir ivareteke. Det blir ikkje stilt krav til andelslagets selskapsform og det kan såleis organiserast som aksjeselskap under føresetnad av at brukarane har hand om alle aksjane.

Kommunane kan fortsatt setje anleggs- og driftsoppgåver vekk til private aktørar. Departementet ber kommunane om synspunkt på behovet for tidsbegrensing på slike kontraktar. I dei fleste mindre og mellomstore kommunar vil det i liten grad vere formålstenlig å setje driftstenestene vekk til private aktørar. Kontraktsreguleringa blir kompleks og det må etablerast nye kontroll- og tilsynsfunksjonar for å følgje opp kontraktane. Drift av slike anlegg krev kompetanse som blir opparbeida over lang tid og der ein er avhengig av ein kontinuerlig kunnskap om anlegga. Tenestene er lite eigna for konkurranseutsetjing uavhengig av kontraktens avtaletid. Konkrete anleggsprosjekt kan derimot setjast ut på anbod slik det også blir gjort i dag.

Framlegg til vedtak:

Gol kommune støtter prinsippa i forslaget til ny *lov om kommunalt eigarskap og kommunale vass- og avløpsgebyr* men ynskjer å presisere følgjande:

1. Det lokale folkestyre må ha vide fullmakter innanfor ramma av lovverket til å avgjere om vass- og avløpsanlegg i dei konkrete tilfella skal vere i kommunal eller privat eige
2. Økonomi og gebyrkonsekvensar må leggjast til grunn som eit av kriteria i kommunens vurdering av eigarskap ved etablering av nye vass- og avløpsanlegg
3. Drift av kommunale vass- og avløpsanlegg, spesielt i mindre kommunar, bør av omsyn til blant anna driftskontinuitet og kompetanse ikkje konkurranseutsetjast. Langvarige og omfattande driftskontraktar vil også kunne undergrave kommunalt eigarskap og intensjonen i lovforslaget

Gol, 18.05.09

Hege Mørk  
Rådmann

Svein Eide  
Avdelingsleiar

## Utval for natur og næring behandla saka den 02.06.2009, saksnr. 50/09

### Behandling:

Avdelingsleiar Svein Eide informerte om saka og vidare saksgang.

Korrigerings av tekst – lita endring i framlegg til vedtak – einstemmig vedteke.

### Vedtak:

Utval for Natur og næring tilrår at Gol kommune vedtek prinsippa i forslaget til ny *lov om kommunalt eigarskap og kommunale vass- og avløpsgebyr* men ynskjer å presisere følgjande:

1. Det lokale folkestyre må ha vide fullmakter innanfor ramma av lovverket til å avgjere om vass- og avløpsanlegg i dei konkrete tilfella skal vere i kommunal eller privat eige
2. Økonomi og gebyrkonsekvensar må leggest til grunn som eit av kriteria i kommunens vurdering av eigarskap ved etablering av nye vass- og avløpsanlegg

Drift av kommunale vass- og avløpsanlegg, spesielt i mindre kommunar, bør av omsyn til blant anna driftskontinuitet og kompetanse ikkje konkurranseutsetjast. Langvarige og omfattande driftskontrakter vil også kunne undergrave kommunalt eigarskap og intensjonen i lovforslaget.

## Kommunestyret behandla saka den 16.06.2009, saksnr. 25/09

### Behandling:

Saksordførar, Steinar Medhus

Samrøystes vedtak i samsvar med tilrådinga.

### Vedtak:

Gol kommune sluttar seg til prinsippa i forslaget til ny *lov om kommunalt eigarskap og kommunale vass- og avløpsgebyr* men ynskjer å presisere følgjande:

1. Det lokale folkestyre må ha vide fullmakter innanfor ramma av lovverket til å avgjere om vass- og avløpsanlegg i dei konkrete tilfella skal vere i kommunal eller privat eige
2. Økonomi og gebyrkonsekvensar må leggest til grunn som eit av kriteria i kommunens vurdering av eigarskap ved etablering av nye vass- og avløpsanlegg

Drift av kommunale vass- og avløpsanlegg, spesielt i mindre kommunar, bør av omsyn til blant anna driftskontinuitet og kompetanse ikkje konkurranseutsetjast. Langvarige og omfattande driftskontrakter vil også kunne undergrave kommunalt eigarskap og intensjonen i lovforslaget.